

Foredragshaldar Kjartan Rødland vil komande torsdag halde foredrag på Rosendal Fjordhotell. Han vil ta for seg dei store endringane i transportmønsteret dei siste 50 åra,årsak og konsekvensar. Han har kalla foredraget sitt: Då vestlendingen vart landkrabbe

Ved inngangen til 1960-talet var jernbanepessimismen i Noreg så stor

at nordlendingane spøkte med at første tog til Bodø kom til å verta det siste toget i verda – det var Nordlandsbana som etter meir enn førti år frå Stortingsvedtaket om at bana skulle byggjast vart opna til Bodø i 1962 – og endå var Bodø berre ein mellomstasjon halvvegs. No er bana meir enn 50 år gamal, og ikkje eit spadestikk er teke på vegen vidare nordover.

Stort annleis var det ikkje med trafikken til sjøs. Den eine etter den andre av dei store og små fjordbåtane gjekk i bøyane, vart hogde opp eller selde for småpengar til utlandet – mange av båtane var store som små hurtigruter, som «Sunnhordland» og fjernrutene i Sogn og Fjordane, og ein stor del var flunkande nye, bygde i dei første åra etter krigen.

Kvifor kom denne store omlegginga frå sjø og bane til vegar, og kvifor så brått og lite førebudd? Trafikantane fekk det ikkje så mykje betre, tvert om kunne ein frå Kvinnherad koma like raskt og mykje meir komfortabelt til byen med båt som å skrangla seg fram frå ferje til ferje. Likevel var ikkje utviklinga til å stogga, frå 1970 vart det bygd fleire vegar, lengre bruar og større tunnelar i Hordaland enn i alle år frå dei første stiane vart trakka mellom fjellholene der steinalderfolket hadde busett seg.

Sjøen og bana hevda seg godt, med hydrofoilar og katamaranar til sjøs, og med den private nedkortinga av Bergensbana som Fritz C. Rieber i Bergen bygde gratis for staten, og billegare for dei reisande. Køyretida mellom Bergen og Oslo vart i praksis halvert frå damptida ein augustdag i 1964.

Kjartan Rødland tek eit undrande tilbakeblikk på det som hende for eit par mannsaldrar sidan, då den sjøfarande vestlendingen vart landkrabbe. Kjartan Rødland har som presseemann vore vitne til den stille revolusjonen, mesteparten av tida i Bergens Tidende, og han har seinare skrive mange lokalhistoriske bøker. Dessutan starta han yrkeslivet som grindagut på bussen.

Tekst: Grethe Brundtland

Nett: Ola Matti Mathisen